



Sjappen AS
Radøyvegen 2552
5937 BØVÅGEN

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1915 - 17/1793

Saksbehandlar:
Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:
10.02.2017

Skjenkeløyve for 2017-2020

Syner til dykkar søknad om skjenkeløyve og vil med dette stadfesta at kommunestyret, i medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4, har gjort vedtak om skjenke- og salsløyve i perioden 2017-2020 for dykkar verksemd. Vilkåra kommunestyret har sett:

1. Sjappen as (organisasjonsnr. 917656282) får tildelt skjenke- og serveringsløyve. Som vilkår vert det sett at verksemda melder i frå til det lokale **Mattilsynet** og har godkjenning frå **Arbeidstilsynet**.
2. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikke.
3. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
4. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m², og for uteservering på terrasse (omlag 85 m²) i tilknytning til nemnde lokale.
5. Som skjenkestyrar vert Jostein Rikstad godkjent med Svein Rikstad som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

Vedlagt finn de *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke*.

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke, Radøy kommune, Hordaland - Lovdata

Mottakarar:

Sjappen AS

Radøyvegen 2552

5937

BØVÅGEN